

**Rødvin og parmesanost på innlandsisen!**

30.04.2010

**Ekspedisjonen som uskedelingen Sølvi Eik deltek i, har det fortsatt fint på Grønland.**

**No er dei inne på platået og på den fjerde dagen under marsjen avvikla dei 23 kilometer, som var rekord så langt. Dei steig 200 høgdemeter og enda på 1.368 meter over havet til kvelds.**

Rapporten fortel om høg stemning i storteltet. Det blir opplyst at Bjørn spanderte rødvin og at Solveig overraska med parmesanost og italiensk salami!

Været har framleis vore strålande. Siste natta hadde minus 18 som lågaste temperatur og det var minus 11 om morgonen.

Alle er i fin form og har vorte brune og litt solbrente.

Førebels verkar det altså som om dette er den reinaste lystturen...

Av Ola Matti Mathisen